

## SAK 47/18 OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER

### Saksopplysning

Rådmannsutvalet ynskjer at denne saka blir drøfta i Regionrådet.

Kommunane i Hallingdal har i fleire år hatt eit samarbeid med Radio Hallingdal i forhold til direkte overføring av kommunestyremøter. I tillegg blir det gjort opptak som m.a. blir lagt ut på dei [kommunale heimesidene](#), splitta opp på den einstilte sak.

Radio Hallingdal nyttar analoge telefonliner til overføring av kommunestyremøte m.m. Dette kan bli ei utfordring framover då det blir vanskeleg å tilby analoge telefonliner, både gjennom Telenor eller kommunane sine hussentralar. Innan våren 2019 skal kommunane sine eksisterande hussentralar avviklast sidan produsenten ikkje lenger leverer støtte og reservedelar. Ny felles hussentral for kommunane er basert på IP-nettverk og SIP-protokollen. Det vil vera mogeleg for Radio Hallingdal å overføre via internett eller mobilnettet (5G mest aktuelt), men det har ein investeringskostnad.

Gjeldande avtale med kommunane og Radio Hallingdal er 1.1.2016 - 1.1.2019?

Ved ei endring av løysingar for overføring av kommunestyremøter reiser det seg ei rekkje problemstillingar som bør vurderast, som t.d:

- Korleis fungera dagens løysing
- Kva er kostandane med å oppgradere tekniske løysingar slik at Radio Hallingdal framleis kan yte tilsvarande tenester som i dag.
- Det bør vurderast alternative løysingar som videooverføring som også kan vera integrert med sak- og arkivsystem.
- Vurdere behov/konsekvensar ved overføring av andre politiske møte
- Vurdere behov for andre tenester i forhold til t.d. skule, webtv, andre type sendingar og opptak.
- Vurdere kva som kan vera naturleg å event. drifte i kommunal/regional regi og kva som bør/må vera kjøpte tenester.

Etter dagleg leiar sitt syn bør det setjast ned ei arbeidsgruppe som vurderer ulike alternativ/løysingar, kanskje på kort sikt og litt lengre sikt. Det bør sjåast på behov i forhold til ei samla kommune sine behov og i eit visst framtidsperspektiv. I tillegg bør det vurderast lokal kompetanse og tilbydarar.

Hallingdal, 23.11.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar